

SKJELLSORD

i

Rindalsmålet

Ei opptegning av

Jo Skjølvold

Nesna lærarhøgskole
hausten 1993

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølsvold - 1993

F Ø R E O R D

Skjellsorda i rindalsmålet er, slik dei som har ei viss tilknytning til målet veit, eit kapittel for seg. Av ein eller annan grunn har aldri desse orda vore samla og sett noko nærare på i samanheng. I ei tid då dialektar og særtrekk i talemål er i ferd med å oppløysast, er det viktig å sjå særtrekk i målet og ta vare på desse.

I arbeidet med å samle skjellsord har eg fått stor hjelp av dialektforskar Arne Aune, som har lagt ned stort arbeid i å samle og forske på ord i rindalsmålet. Aune er kanskje aller best kjendt med skjellsord og uttrykk frå nedre del av bygda. Når det gjeld øverbygda har eg fått mange ord av ekteparet Gunvor og Ola Løfaldli. I arbeidet med å samle ord har også familien vore til stor hjelp.

Når det gjeld tegnforklaringar og kodenøkkel for bøyning av orda har eg i hovudsak bruka modellane til Arne Aune. Desse er særst godt tilpassa rindalsmålet, og ved at det er fritt for lydskrift og vanskelege tegn, er det i høgste grad også lesbart for dei fleste.

Ved å sette seg inn i desse før ein startar bruken, vil ein få eit mykje større utbytte av oppteininga.

Nesna, 25.10.1993

Jo Skjølsvold

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølsvold - 1993

I N N L E I I N G

Aldri før har skjellsorda i rindalsmålet vorte prøva samla til ei opptegning. Det er umogeleg å få med absolutt alle, det blir å konsentrere seg om dei mest spesielle og mest bruka skjellsorda i målet. Heile tida kjem skjellsord bort frå målet grunna at dei ikkje blir bruka. Kvar dag blir også nye skapt, av og til flettar desse seg inn i rindalingen sitt talemål, og blir til nye dialekt-skjellsord. Berre nokre få er gode nok til å få leve vidare og farge dialekta i framtida, om dei ikkje blir skrivne ned og teke vare på.

Eg har prøva å lage ei lesarvennleg samling skjellsord, så langt det er råd skrive den rette uttalen på ein lettleselig måte, og å få med bruksområde og opphav så langt dette er råd. Eg brukar av og til dialektuttrykk i forklaringa, kanskje vil det vere nytt for mange at det er greit å bruka dei aller fleste av desse orda i skriftleg norsk (nynorsk). Det vil kanskje seie litt at eg har hatt stor hjelp av "Nynorskordboka" i arbeidet med å finne ut kva spesielle ord tyder.

Mi oppfatning er at skal ein rindaling først kjefte opp nokon, er det betre å bruka nokre saftige rindalsskjellsord enn å skjemme seg ut med importerte ord. Oftast er skjellsorda i rindalsmålet mykje meir beskrivande og treffande enn kva som helst av anna skjellsord og bannskap, når det er retta mot ein som har ein viss kjennskap til dialekta.

Av dei skjellsorda eg har funne, er dei fleste retta mot menn. Det er mange av desse som er retta mot små, nysgjerrige, eller pysete/feige karar. Skjellsorda retta mot kvinner har kanskje ei hovudvekt på ord som er bruka om late eller sinte kvinnfolk.

Ofte blir dyr sett saman med ein eigenskap når ein skapar skjellsord. Vi finn nestan aldri dyr som ku og hest, dei husdyra som blir bruka er "lågstatusdyr", geit og bakk, tikse og

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

bækre (vær), høne og hane, galte og purke o.a. Ute i naturen finn vi også dyr som ofte blir bruka i skjellsord, dei som går att mest er skjære (om kvinne) og bjørn (om kar).

Reidskapar og ting er også vanlege i skjellsord, særleg om mannfolk. Vi finn ting som staur, stav, hel, nåvvår, spik, spjeld o.s.b. Tinga har nok eigenskapar som lett kan samanliknast med menneskelege. For meg var det overraskande at ikkje fleire "tabuord" er i bruk i skjellsord, ord som går på kjønnslege ting.

Religiøse tema er heller ikkje i stor grad bruka, nokre få gonger finn vi ord som jesus og pave.

Skjellsorda er i alle fall interessant og ofte morosam lesing, ikkje minst frå ein dialektinteresset sin synsvinkel, god fornøyning.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

TEGNFORKLARINGAR

nn, ll, dd: palatalisering - den j-haldige uttalen i ord som ball, mann, og gadd. - står med strek under.

! : tjukk l (som i Ola). Det er bikkje skild mellom tjukke og halv-tjukke lydsamband.

au, og ø : strek under desse tyder at uttalen er ein mellomting av a og ø (som i naut, smør).

' : dette tegnet står framfor trykkstavinga i ord med einstavings tonelag (som i Willy).

‘ : dette tegnet står framfor trykkstavinga i ord med tostavings tonelag (som i villig).

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

K O D E N Ø K K E L F O R B Ø Y I N G A V S K J E L L S O R D A

Skjellsord (s).

Endinga i bestemt form eintal er teke med, og ho fortel samstundes kva kjønn ordet har.

Fleirtalsendingane går fram på denne måten:

s1: -a, -ann (som i staura - staurann).

s2: -å, -ånn (som i bøttå - bøttånn).

s3: -e, -inn (som i røve - røvinn).

s4: vanleg bøyning av inkjekjønnsord (som i tre - trea).

s5. -n i bestemt form fleirtal (som i brøk - brøken).

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølsvold - 1993

EI OPPTEGNING AV SKJELLSORDA I RINDALSMÅLET.

A

‘armods-klagde, -inn s1 - person det er mykje armod og bry med.

B

‘bak-strævvar /n s1 - Kar som gjer alt på ein treen/tungvindt måte. Også om ein som vil gjere alt på gamlemåten, ein reaksjonær.

‘bak-ve(i)nn /a s2 - Som ‘bak-strævvar, men om kvinne.

‘bergul(e), -inn s1 - usikkert bruksområde, kjem av bergugle (hubro)

‘blaut-fesk /en s1 - om blaut/feig person. Fesk (fisk) er eit nokså uvanleg endelegg i skjellsord i distriktet.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘bråttå-gamp /en s1 - stor brutal/brykkjen ofte sterk kar.

‘blaut-fis /n s1 - vanleg om feig eller pysen person.

‘brøttull /n s1 - brykkjen, uvoren kar.

‘bystn-lort /n s1 - om kar/gut som er karavoren og visar seg.

‘bystinn - å byste - reise håra (opph. om dyr), og lort som er vanleg påheng i skjellsord.

‘bystn-skjor /a s3 - som ‘bystnlort men om kvinne/jente (taus). ‘Skjor (skjære) er er vanleg i skjellord retta mot kvinner.

‘bælg-tråll /e s4 - om kar som har stor mage. Består av ledda bælg (mage), og tråll (troll).

‘børt-tre /e s4 - bruka om kvinne som er "litt lett på tråden", ei ein blir lett/fort børt med.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘**bøtt-knapp** /en s1 - ofte bruka om gitar i konfirmasjonsalderen, skjellsord når det blir retta mot vaksen kar (barnsleg). Ordet kjem kort og godt frå knappen på bøttelokk.

D

‘**dangel-brok** /a s5 - lite tess, kanskje lat kvinne, kan også vere vimsa og litt dum. Skjellsordet er ei samansetning av orda dangle (slenge) og ’brok (bokse).

‘**dass-fadder** /n s1 - bruka humoristisk om person, gjerne taus (jente) som følgjer nokon på dass (do). Fadder (fadder).

‘**domm-skalle**, -inn s1 - nokon som er dum i skallen.

‘**domm- skålt** /n s1 - nokon som er dum i skolten.

‘**dule(rutt)**, -inn(/n) s1 - ein som går i duļ (døljing), går og skjuler noko. Duļen er ein still og fåmælt kar, kan vere vanskeleg å forstå seg på. Kvifor -rutt endinga er vanleg i rindalsmålet er vanskeleg å finne ut, truleg er det berre tilfeldig påhengt, som mange andre.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘drag-dåkk /a s2 - Kvinnfolk som rotar/dreg vekk ting. I folketrua er opprinneleg -dragdåkka eit lite vette som dreg rikdom til eigaren.

‘diger-røv /a s3 - Bruka om begge kjønn, om personar som er litt breie over baken.

‘drag-lår /e s4 - lat kvinne.

drag /a s3 - seinvora eller lat kvinne.

drøl /n s1 - bruka om person som er somlen, kjem truleg frå ordet dryl, som tyder å spille tida.

‘dullutt(e) /n s1 - Bruka om humørsjuk kar, opphavet er uvisst.

‘dåle, -inn s1 - liten tufsete kar.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

F

'farre, -inn s1 - ein fark til kar, kjeltring, fant. Av -å fare.

farsk /n s1 - fant/landstrykar, ein som gjer rampestreker.

'farsk-oinne, -inn s1 - samansett av 'farsk (fant), og oinne (unge). Ofte humoristisk når det er retta mot barn, men beskriv barnsleg oppførsel når det er retta mot vaksne.

'farsk-nåvvår /n s1 - nåvvår (handbor)

'farsk-stav /en s1 -

'farsk-staur /n s1 -

'fele, -inn s1 - upåliteleg lite hyggeleg person.

'fellepekk /n s1 - bruka om liten, veik, og/eller fattig mann.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

'fellure, -inn s1 - truleg frå "filu'r" (skøyar, luring).

'fessilltut /n s1 - om liten og veik, ofte pysen kar.

'fis-ball /n s1 - raring, ein som tullar mykje. Ingen naturleg samanheng mellom ledda, fis (å fise) og ball (ball).

'finn-tøkj /a s3 - bruka som særskild kraftig skjellsord om jente/ung kvinne. Samansett av ledda : -finn (finne/kveise/same) og -tøkj' som er særskild nedsattende.

'fuss(e), -inn s4 - skiten og motbydeleg person. Kjem truleg frå det tyske ordet "fos".

'færkjært-kjælkje, -inn s1 - ein som kverulerar (er færkjært), og kjælkje (kjelke). Kverulant.

G

'gaffe, -inn s1 - ekkel og turvoren kar. Opphav er ukjent.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

'gal(l)ure, -inn s1 - lite triveleg ofte upåliteleg person.

'gessell /n s1 - samanheng med det tyske -selle (handtverkarssvein, anleggsarbeidar, eller omstreifar). Bruka synonymt med slask og fant.

'glanitt /n s1 - nygjerrig kar, ein som står å glaner.

glaup /en s1 - eit ikkje uvanleg skjellsord som det er vanskeleg å finne noko opphav til.

'glåm-skåp /n s5 - ein/ei som glaner, står og glåmer. Skåp er enkelt og greit det samme som eit skap.

'go-mat-røv /a s3 - ein som er glad i mat, ofte lubben.

'graillure, -inn s1 - Verkar som eit skjellsord skapt ved improvisasjon, og deretter teke opp i språket fordi det er fengande.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

'**gregul(e)**, -**inn** s1 - uviss tyding, -ul endinga er ugle i ord som 'hegule og 'bergule, kanskje er det berre ei "vidareføring" av eit av desse skjellsorda.

'**gryn-jytt** /n s1 - samansett av: -**jytt** som er ein nysgjerrig person og -gryn av grjon (mule/nase). Ein som legg nasen sin i alt.

'**grål-ap** /a s2 - heller grålen/sparsommeleg tur kar. Ap-endinga kjem av apekatt. Forholdsvis nytt skjellsord.

'**gulivæng** /en s1 - skjellsord om kar, uviss tyding.

'**gærn-hau** /et s4 - person som fort mister hovudet.

'**gærn-spik** /n s1 - 'gærn av galen/sint, og spik som er opptenningsved eller noko som tenner fort. 'Gærnspeiken er ein som fort fyrer seg opp eller tenner.

'**gærn-spjell** /et s4 - spjell (spjeld) er ei luke.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

'gårr-**hel** /n s1 - uviss tyding, 'gårr er det same som massen i ei myr (gårrmyr). Var ein 'gårrhel ein reidskap eller ein del av ein reidskap?

'gåsse, -inn s1 - feit mannsperson.

H

'haly-**koreng** /en s1 - opphaveleg grisunge som er fødd med begge kjønn, halvt av kor. Truleg bruka om person som i utsjånad og/eller væremåte er lik det andre kjønn. Skjellsordet er særst nedsettande.

'hegul(**e**), -inn s1 - anna namning av haugugle (kattugle).

'heromder /n s1 - interessant skjellsord truleg henta frå tysk.

Tyder ein upåliteleg kar, ein kjeltring.

'høn-**kuk** /en s1 - morosam samansetting av orda 'høn (høne) og kuk (mannleg kjønnslem).

Ikkje bruka i nokon spesiell samanheng. Sjølvst kun eit skjellsord.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘hørspi-rø^v /a s3 - ei som er høg på pæra, eit "byste" kvinnfolk. Vanskeleg å finne noko opphav.

‘hån-tre /et s4 - hånvoren og nokså dum person. -Tre endinga er den same som i mange andre skjellsord.

‘hån-staur /n s1 - særst vanleg skjellsord med same tyding som ‘hån-tre. Typisk er -staur endinga.

I

‘ister-bælg /en s1 - ister er det same som innvolsfeitt og bælg er det same som vom eller mage. Ein feit kar med særst stor mage altså.

J

‘jabb-skjor /a s3 - av å jabbe (snakke mykje), og skjor (skjære). Bruka om snakkesalige/masete kvinnfolk.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘jammer-daill /n s1 - om mann/gut som jamrar og klagar.

‘jammer-lus /a s3 - om kvinne/jente som jamrar og syt mykje.

’jesbrekt /n s1 - skjellsord om mannsperson.

jutt /n s1 - liten nysgjerrig stakkar, ofte lite lika.

‘jætslæp /en s1 - stor svart snegle (skogssnegle), bruka om sleipe/slibrige mannfolk (helst utsjånadsmessig).

K

‘kall-skrupp /en s1 - nemning om kar som ikkje har den aller beste utsjånaden.

‘kamar-dall /n s1 - samansetting av orda -kamar (menneskeekskeriment), og dall (ein dall).

Blir bruka om mannsperson ein har sær s lite til overs for.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølsvold - 1993

‘**kjese**, -inn s1 - osteløype som ein finn i løypemagen til kalvar.

Bruka som skjellsord om mannsperson. ‘Kjese er truleg opphav til det engelske "cheese".

’**kjæft-aure**, -inn - einaste skjellsord eg har funne med endinga aure (aure) som endelegg, tyder kjeftesmelle.

‘**kjærreng-lørve** /a s3 - skjellsord om kvinne, ei lørve av ei kjerring.

‘**kjælkje**, -inn s1 - ein som er kjelkete/forkjært (vanskeleg å ha med å gjere), ein kverulant.

kjøs /a s3 - opprinneleg hokatt, skjellsord om kvinnfolk (lett på tråden?)

‘**kjåk-stekk** /a s2 - person som kjår (masar/gnålar), stekk er det same som stikke.

‘**kjure**, -inn s1 - av klo/hake/trekrok, bruka om klønete person (klodrian), men også om ein luring.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

kly /e s4 - lat person som er lite tess, ofte feig.

'klåggå-bøtt /a s2 - ein/ei som 'klåggå (sladrer), ein sladrehank.

'kokkelori /et s4 - skjellsord om kvinne som sit åleine og sturer. Kjem av kukelure som tyder sniglehus.

'krikjill /n s1 - usling av ein kar, ofte gammel. Truleg av krik (krok/bøyg), ein som er krokete.

'kryp-syl /n s1 - ekkel/upåliteleg kar, ein skarv eller larv.
Syl-endinga kjem truleg frå reidskapen syl.

'krøttu-dåle, -inn s4 - 'krøttu er dyrefeitt eller talg, ein dåle ein bit eller stomp. Ein 'krøttudåle er altså eit talglys, men er også eit skjellsord.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølsvold - 1993

‘krøttull /n s1 - bruka om barnsleg eller pysen kar. Kanskje meir vanleg bruka om små gutar, i denne samanhengen er ordet ikkje negativt ladda.

‘køssu-bøtt /a s2 - sladrehand kan brukast om begge kjønn.

L

‘labbus /n s1 - ein som går og labbar seint. Kan også i enkelte samanhenger brukast om ein det blir lite med.

‘lagd-kall /n s1 - skrytepave, å lagde (overdrive/skryte/ skravle)

‘lagd-kjerreng /a s2 - kvinne som skryt mykje.

‘langfota-kångel /la s2 - opphaveleg bruka om edderkopp med liten kropp og lange bein, men kan også brukast om person med passande utsjånad.

‘larv-saur /n s1 - ein larv (lørvut/skiten person). Saur er synonymt med lort skit og ureinske.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘**lat-stråkk** /en s1 - lat mannsperson som er lite tess. Ein stråkk (strokk) er ein stiv/keiveleg person, men også ein sylindforma gjenstand (bøtte, kar o.s.b.).

‘**lort-bjøn**n / s1 - lortut/skiten kar eller gut.

‘**lort-bry** /a s2 - ureinsleg/lortut kvinne eller jente. Bry-endinga kjem truleg av brye (krubbe).

‘**lort-gris** /n s1 - om kar/gut, og ein ikkje så kraftig versjon av denne gruppa skjellsord, ofte humoristisk.

‘**lort-pork** /a s1 - som ‘lort-gris, men om kvinne. Pork (purke).

‘**lort-sobb** /a s2 - sobb (subbe) tyder rotet og/eller sjusket kvinne. Eit sær kraftig skjellsord.

‘**lør**v-**fan**nt /n s1 - lørvete/fillete kar, fant (fant). Fillefrans.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølsvold - 1993

M

‘mager-dåle -inn s1 - liten, mager kar.

‘mager-farre, -inn s1 - lang, mager kanskje uflidd kar.

‘mat-skåp /en s1 - person som er glad i mat.

‘me-he /et s4 - ein som jattar med alt og alle, kan vere dum.

‘me-hej /n s1 - vanskeleg og ytterst lite jovial person.

‘merrill /n s1 - bruka både om dyr og folk. Det er vanleg å bruka ordet om lam, som skjellsord blir det bruka om ein tunn/veik person.

‘mjo-røyv /a s3 - person som er smal over baken, ordet mjo (smal) heng no nestan berre att i stadsnamn.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘møssu-fenger /n s1 - ein person (helst kar), som er veik i klypa, har ‘møssu (myse) i fingrane.

N

‘nasa-bjønn / s1 - snørrklump i nasen, også person ein har sær lite til overs for.

‘nævva-nytt /n s1 - blir dette ordet bruka om folk som er mindre enn vanleg er det eit skjellsord. Personen er ein ‘nævva (neve) stor.

‘nøggeng /en s1 - ein som er knapp/snau i hovudet, helst mannsperson.

O

‘o-hynn /et s4 - brukast som ordet uhynne, eit hynne er i utgangspunktet eit hjørne eller ein skarp kant.

‘obys-gris /n s1 - ein som gjer oby/ugagn, ei ugagnskråke.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘om-bøss-koft /a s2 - person som er ombyssam (nysgjerrig), ein nysgjerrigper.

‘os-pong /en s1 - kar som har sterk kjønnsdrift.

P

‘peppleng /en s1 - truleg av det dansk/norske pebling som før var betegninga på ein latinskuleelev. Ordet har samanheng med pave. Sannsynlegvis blir/vart skjellsordet bruka om forståsegpåarar (besserwisser), eller teoretikar.

pert /n s1 - person som er heller perten og/eller forfengeleg.

‘piltreng /en s1 - skjellsord når det blir bruka om ein som er "for" liten av vekst, ein pilt.

‘pork-hus-nabbe, -inn s1 - trestykke som gjer det mogeleg å åpne låsen på porkehuset (grisehuset) innanfrå. Nabben går gjennom døra, og gjer det mogeleg å vippe opp trelåsen på utsida. Ein pork-hus-nabbe er nok langt ifrå det mest verdifulle ein har her i livet. Eit litt spesielt skjellsord er det i alle fall.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølsvold - 1993

prutt /n s1 - ein som er pruttinn (surmuler).

pært /n s1 - anna form av -pert.

‘**pæs-bjønn** / s1 - samansett av ledda -pæs (peis/kjønnslem), og den så mykje bruka **bjønn** (bjørnen). Kvifor forekjem ikkje ledda i omvendt rekkjefølgje?

‘**pøngel-hauk** /en - av pøngel (mannleg kjønnslem), og **hauk** (hauk).

Fengande skjellsord.

‘**pårrå-rått** /a s2 - bruka om lat eller sein person, ein som ‘pårrå (fingrer). Det blir ingenting med han, ingenting etter det han gjer. Rått (rotte).

R

‘**rang-påle**, -inn s1 - person som er rang (vrang), vanskeleg å ha med å gjera.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

'rare, -inn s1 - ein raring, pussig fyr.

'rare-tet /n s1 - anna versjon av -'rare.

'reserve-jesus /n s1 - person som er, eller later som om han er religiøs, og som dømmer andre som ikkje er det. Ein som sett seg over andre.

'rot-pork /a - kvinne/jente som rotar mykje.

'røttull /n - stor, grovbygd, ofte bykkjen kar.

'røva-nykkjyll /n s1 - mammadalt, kanskje tyder det ein unge som nykkjer i mor si.

rågg /a s2 - eldre ugift, kanskje usømeleg kvinnfolk som har vore lett på tråden. Ho er stygg, som ei trollkjerring/heks. Ordet kjem av fuglen -rågg (rugde).

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

S

'saup-hau /e s4 - ein som er dum i -hauet (hovudet), saup (saup) er væska som blir att når smøret har skilt seg ut etter kinning.

'saup-skalle, -inn s1 - dumrian, har saup i skallen.

'segg-pork /a s2 - ei segg (treig/lat) kvinne.

'ser-balle, -inn s1 - sur mann eller gut. -Ball kjem kanskje av ball (testikkel).

'ser-blås /a s2 -sur kvinne.

'ser-farre, -inn s1 - kar som er -ser (sur/furten).

'ser/sur-prutt /n s1 - ein prutt er ein sur person.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘ser-pøkj /a s2 - ei kvinne som er sur. -Pøkj er truleg ein verson av pork (purke).

‘sild-straupar /n s1 - vanleg skjellsord om folk frå kysten, dei som lever av å "strøype" sild.

"Alle ut i fjordane var (er?) ‘sild-straupara", seier mange.

‘ska-bæst /e s4 - eit beist (kan vere både dyr og folk), som gjer skade.

‘skarv-stakkall /n s1 - skarvut/kleinsleg kall.

‘skarv-teks /a s2 - skarvut/kleinsleg gammel kvinne. -Teks er ho-sau.

‘skjett-lår /e s4 - ekkelt kvinnfolk.

‘skjett-vest-hane, -inn s1 - kan oversettast med fis-lokt-hane. ‘Skjett-vest er rettare oversett ein vind frå baken, ein fjert.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘skjit-heļ /n s1 - opprinneleg ein regulator på hesteplog. Bruka om sær̄s lite triveleg person.

‘skjit-pave, -inn - improvisert skjellsord.

‘skjit-spae, -inn - frå reidskapen (møkkspade), bruka om utriveleg person.

‘skjit-stromp /en s1 - av -skjit (avføring), og stromp som er ein rundaktig gjenstand. Bruka om person ein har lite til overs for.

‘skjy-føkj /a s3 - opprinneleg floke/klynge av skyer. Bruka om byste/viktig kvinnfolk.

‘skjækkel-jesus /n s1 - person som er skjækklinn (ustødig), snublen/fotråtten.

skjæs /a s2 - nedsettande om lita tynn jente/kvinne.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølsvold - 1993

‘skjæv-fer /a s3 - frå ei fer (reise) som har gått på skeiven. Bruka om spontanabort i gamle dagar. Kunne også brukast om daufødde ungar og misfoster. Blir bruka som skjellsord på person som er alt anna enn fin å sjå på. Eit særst stygt skjellsord.

‘skjøttu-trast /n s1 - gråtrost på rindalsmålet, vanleg skjellsord utan spesielt bruksområde.

‘skrommel-dall /n s1 - bråkmaker eller masekopp, nokon som skrumlar. Dall-endinga er vanleg.

‘skrommel-gauk /en s1 - person som bråkar/held leven. Gauk-endinga frå fuglen gauk.

‘skrommel-laup /en s1 - vidareføring av -‘skrommel-dall.

skrupp /en s1 - stygg kar.

‘skruppe-lure, -inn s1 - av skruppe (noko stykt), og lure (luring). Ein lite vakker småkjeltring altså.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

'skrupp-stakkall /n s1 - stygg gamal kall, ofte stakkarsleg eller ynkeleg.

'skryt-laup /en s1 - person, helst kar, som skryt mykje. Ein laup er ei treøskje, ei tine.

'skvallder-bikkj /a s2 - person, helst kvinne, som skvalldrar eller jabbar mykje, slitsam person.

'skørru /a s2 - rumpe (anus), og vanleg skjellsord.

'skådd-finn, / s1 - rart skjellsord, tyder rett og slett ein finn (same) som går i skodda. Har det noko med evnen til å finne fram i naturen å gjere?

'skådd-nåvvår-høse, -inn s1 - improvisert og spesielt skjellsord. består av ledda: skådd (skodde), nåvvår (handbor), og høse (samling av skyar på himmelen). Ordet er difor utan meining, men eit fengande skjellsord.

'skåp-mus /a s3 - person, gjerne unge, som snokar i skåpa etter mat/godsaker.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘skåp-rått /a s2 - annan versjon av ‘skåp-mus.

’slarre, -inn s1 - av slarke og slarve, ein som reik eller sleng omkring. Ein som ikkje gidd å gjere noko dugeleg.

slarv /en - ein som slarvar og er vørdlaus, ikkje gjer noko ordentleg. Kan også vere ein som er lausmunna, fer med sladder.

‘slæp-hel /n s1 - vidareføring av ‘skjit-hel, bruka om sleip/motbydeleg kar.

‘smeln-røv /a s3 - kvinne som er -smela (grådig/sparsommeleg).

‘smeln-teks /a s2 - som ‘smeln-røv, teks (tikse) er ho-sau.

‘snallure, -inn s1 - lite hyggeleg mannsperson, av ‘snallur (snørr).

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘**snallur-dolk** /en s1 - dolk kjem av dalk (klønet person), ordet er ikkje vanleg å bruke for seg sjølv i distriktet.

‘**snallur-pave**, -inn s1 - som ‘snallure, pave-endinga er grei.

‘**snar-spik** /en s1 - snarsint person, ein som tenner lett. Spik er opptenningsved.

‘**sneppe-dilt** /n s1 - ukjent opphav og tyding.

‘**snerrill** /n s1 - mannleg kjønnsorgan og vanleg skjellsord.

‘**snokar-laup** /en s1 - nysgjerrig person som fer og snokar.

‘**snollter-bokk** /en s1 - fotråtten kar, han er -snolltrinn.

‘**snollter-kajje**, /a s2 - fotråtten person, -kajje truleg frå kråkefuglen kaie.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘snør-kjelleng /en s1 - snør (snørr), og kjelleng (killing). Eit fengande skjellsord utan djupare meining.

snøs(e), -inn - snushane, ein som fer og snuser.

‘snåsså-laup /en - ein som -‘snåsså (snuser), legg seg opp i andre sine ting.

‘sokker-måse, -inn s1 - ein som er glad i søtt.

‘sole, -inn s1 - av skosole.

‘sop-bjønn - negativt for feiar.

‘sot-never, /ra s3 - bruka om snarsint kvinne, ei som tenner fort.

‘sperre-vepp /en s1 - liten speibygd, ofte pysen kar.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølsvold - 1993

spersk /en s1 - liten sprett, ein viktigper.

‘spetakkel /e s4 - bråkete, uroleg, uforutsigbar person.

sprongel-dill /n s1 - ukjent tyding, og bruksområde.

spøl /n s1 - rarvoren mannsperson.

‘stakkall-føskjt /a s2 - ei som har særst lyst på kar, ikkje nødvendigvis gamal førkje.

‘ster-kollter /ra s2 - ster (stiv) person, ein med dårleg rørsleevne, snublar og dett mykje.

‘stor-tupp /en s1 - ung eller barnsleg person som er tuppen

(smårampete).

‘stralitt /n s1 - lang og tunn kar/gut.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

‘stuppul(II) /n s1 - gamal kar, ofte ustødig.

‘støtt-pårr /n s1 - negativt om mann/gut som er liten av vekst.

‘sygar-onne, -inn s1 - brystbarn, mammadalt, ein som er redd/feig av seg.

‘sytt-skræpp /a s2 - kvinne/jente som sytt og klagar seg mykje, skræpp er skreppe.

‘sæg-ost /n s1 - lat/treig person som blir samanlikna med ein seig ost.

‘sæn-kræst /n s1 - sein, somlen person. Nokon det blir lite med.

‘søtt-skruv /n s1 - person som er særst glad i søte saker, ikkje alltid skjellsord.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

T

'toll-ball /n s1 - om tullen kar.

'toll-bukk /en - om rar kar, tullebukk.

'toll-bækre, -inn s1 - kar som seier mykje rart, eller har mykje rart føre seg. Ein som tullar (tolla).

'toll-jæt /a s3 - rar kvinne.

'toll-skjor /a s3 - rar kvinne.

'tokkel /e s4 - rar/nøggvoren person, ein som ikkje er heilt god i hovudet. Truleg frå det svenske tokig, tydinga er i alle fall den same.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

'tokkel-brok /a s5 - brok det same som bukse.

'tokkel-jesus /n s1 - spesielt skjellsord om kar, utan spesielt bruksområde. Kanskje ein som "fablar" rundt religiøse tema.

'tokkel-skjor /a s2 - vimsete kvinne, eller ei som har mykje rart føre seg.

'tokkel-snell /a s2 - bruka om lita jente/snelle, ikkje i vond meining.

'tokkel-tre /e s4 - helst om kvinner.

'toll-skjor /a s3 - toll er lik tull, skjor er skjære.

'toll-skrokk /a s2 - gamal kjerring som har mykje rart for seg.

'toll-tyri /e s4 - nedsettande om ei spesiell gruppe (tyri).

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

'trave, -inn s1 - kan tyde både ein stakkarsleg person (krek), og ein stridig og vrang person (fark).

'tre-bokk /en s1 - sær vanleg uttrykk om person som utfører ei handling på dårleg vis. Tyder ordrett ein bukk som er laga av tre.

'tryn-jytt /n s1 - nysgjerrig stakkar, legg nasen eller trynet sitt opp i alt mogeleg.

'tråssn-blås /a s3 - tråssent kvinnfolk, ujusterbar.

'tråssn-nåvvår /n s1 - tråssen kar, ein som er vanskeleg å ha med å gjere og som står på sitt. Nåvvår er ein handbor.

'tråssn-plog /en s1 - plog frå reidskapen.

'tråssn-påle, -inn s1 - vanleg påle, staur.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

'**tuppelure**, -inn s1 - kombinasjon av tupp og lure, som saman blir ein person full av fark og lureri.

'**tupp-høn** /a s3 - kvinne/jente som er -tuppa (fer med fark).

'**tupp-jæns** /n s1 - tuppen kar, jæns dialektuttale av navnet jens.

'**tupp-skjor** /a s3 - ei som er -tuppa, har rampestreker og flåseri føre seg.

'**tuss-brøk** /a s5 - pysete kvinne/jente.

'**tuss-lår** /e s4 - som tuss-brøk.

'**tuss-pank** /en s1 - liten og tufsen, ofte feig og pysen mannsperson.

'**tussull** /n s1 - som tuss-pank.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølsvold - 1993

'tyri /e s4 - nedsettande om gruppe, gjerne ektepar, som held uvanleg sterkt og mykje saman.

tøkj /a s3 - nedsettande om kvinne/jente.

'tør-gadd /n s1 - opprinneleg uttørka furu på rot, skjellsord om særskjedeleg mannsperson.

'tør-jæt /a s3 - mager kvinne det er lite med, kanskje lite vett.

Opprinneleg kanskje om kvinne som ikkje hadde nok mjølk til barnet sitt.

'tør-nåvvår /n s1 - tørr og kjedeleg mannsperson.

'tøs-kåpp /en s1 - ein som ikkje får arbeidet unna seg. Å tøs (tøse) tyder å arbeide mykje, men få lite gjordt.

'tåse, -inn s1 - truskuldig, dum mannsperson, tusseladd.

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølvold - 1993

V

'vann-skræpp /a s2 - person, helst hokjønn, som er matvann. Ei som ikkje vil ha anna enn spesielle sortar mat. Ei skræpp (skreppe)

'vekkarre, -inn s1 - anna namn på hakkespett. Bruka om folk som bråkar?

'vås-aus /a s2 - av å våsk (sladre), ein sladrekjerring altså.

Ø

ønk-røgg /en s1 - ynkeleg person.

Å

'ålder-kåpp /en s1 - av å ålder (bråke), ein bråkmaker, ein som held leven.

'årre, -inn s1 - det same som orrhane. Bruka om spesielt bysten kar?

Skjellsorda i Rindalsmålet - Jo Skjølsvold - 1993

'**åsk-aus** /a s2 - oskeause, bruka om ei kjerring som er uforsiktig med kva ho seier, ei sladrekjerring.

'**åsk-fis** /n s1 - egentleg den pistrande lyden som kjem frå omnen/peisen når ein brenner rå/fuktig ved. Men er vanleg i bruk om den yngste i barneflokket, ofte attpåklatt.